
Fra: Arthur Kleiveland
Sendt: fredag 4. mai 2018 15.10
Til: Anne Dahle Austrheim
Emne: sak i råd for menneske med nedsett funksjonsevne - Aktivitetstilbod - skriv frå forelder

Kategorier: ARKIVERT I FOKUS

Sak i råd for menneske med nedsett funksjonsevne 30. april 2018 – under meldingar og referatsaker

Aktivitetstilbod - oppmoding frå forelder: Leiar i råd for menneske med nedsett funksjonsevne la fram eit brev frå ein forelder som etterlyser aktivitetstilbod til ein gut med nedsett funksjonsevne. I brevet, som er sendt til Manger Idrettslag, vert det peika på at det finst mange barn som føler dei ikkje passar inn i den vanlege organiserte idretten. Kva med å få til eit tilbod med allidrett eller liknande, som kan vera eit særtilbod for desse barna? blir det spurt i brevet.

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne ser eit klart behov for å få etablert tilbod for å aktivisera dei barna som fell utanfor dei ordinære tilboda. Ulike tilbod vart drøfta, mellom anna vart det trekt fram at idrettslaget kan få økonomisk godtgjersle for å stilla med fritids-/treningskontaktar. Rådet meiner også dette kan vera ei oppgåve som ungdomar kan bidra med. Rådet meiner det gjerne bør inviterast til eit orienteringsmøte med foreldre, idrettslaga og kommunen.

I første omgang konkluderte rådet med å senda eit brev til idrettsrådet og ungdomsrådet med spørsmål om kva tilbod dei eventuelt kan vera med og etablera for den aktuelle gruppa.